



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Aksel Hatlem
Njøtevegen 292
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4915 - 20/8625

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
05.12.2020

Løyve til arealoverføring som omsøkt frå gbnr. 137/4 og frå gbnr.137/6 til bustadeigedom gbnr. 137/27 - Njøta

Administrativt vedtak. Saknr: 207/20

Me syner til søknad motteke den 04.12.2020.

Vedtak

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt deling av tilleggsareal frå gbnr. 137/4 og frå gbnr. 137/6 til bebygd bustadeigedom på gbnr. 137/27 på Njøta. Areal skal samanføyast med gbnr. 137/27. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:

Det er den 04.12.2020 søkt om arealoverføring frå gbnr. 137/4 og frå gbnr. 137/6 til bustadeigedom gbnr. 137/27 på Njøta. Det er om lag 550 m² frå gbnr. 137/6 og om lag 1600 m³ frå gbnr. 137/4. Området er i LNF-område der spreidd bustadbygging er tillatt. Delinga er i tråd med kommuneplanen til Austrheim kommune. Arealmessig er denne arealoverføringa fornuftig. Arealoverføringa vert om lag 4 meter frå steingard i vest, og om lag 1 meter frå bilvegen som går forbi. Omsøkt areal er vist på vedlagt kart. Omsøkt areal som skal arealoverførast skal samanføyast med gbnr. 137/27 og skal nyttast til garasje/parkeringsplass og hage. Det er ein garasje her frå før. Kjøpar er Aksel Hatlem.

Søknaden er funne i orden av Austrheim kommune. Gardskart under viser at dette arealet i hovudsak er bebygd mark og ein del av tomtearealet. Delingssaka treng difor ikkje jordlovshandsamast.

Austrheim kommune synes viktige tilhøve omkring denne bustadtomten er løyst, og at naturlege arronderingsareal omkring gbnr. 137/27 no vert lagt til denne. Saka vert herved sendt over til vår oppmålingsingeniør som tek seg av det vidare arbeidet.

Lykke til med den vidare prosessen.

Med helsing
Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:
Alf Kvant

Mottakere:

Aksel Hatlem	Njøtevegen 292	5943	AUSTRHEIM
Hege Hatlem	Lynghaugane 12	5955	LINDÅS